

Vinterlandbruksskulen i Ryfylke  
Vinterlandbruksskulen på Jæren

Årdal/Nærland, 19.desember 2006

Det Kongelige kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 Dep.  
0032 Oslo  
postmottak@kd.dep.no

Uttale til forslag til endring i lov 4.juli 2003 nr 84 om frittstående skular (friskulelova).

*Vinterlandbruksskulen på Jæren og Vinterlandbruksskulen i Ryfylke er vidaregåande skular i programområde Naturbruk. Vinterlandbruksskulen i Ryfylke er stifta år 1980 og Vinterlandbruksskulen på Jæren er stifta så langt tilbake som 1911. Til saman 21 kommunar står bak skulane og yter tilskot til drift av skulane. Kommunestyret i kvar kommune oppnemnar kvar sin medlem med personleg varamedlem til styra for skulane. Formålet til skulane er å gje ei god landbruksutdanning til vaksne personar som vanskeleg kan reise vekk på skule pga arbeid kveld og morgon på garden. Difor ambulerer skulane mellom kommunane i skulane sine kjerneområde, og er eitt år på kvar plass. Skulen kjem til eleven. Elevane kan såleis bu heime og gjere det meste av det daglege gardsarbeidet i tillegg til å gå på skulen, og såleis kombinera teori og praksis gjennom heile skuleåret. Vi legg til grunn at vår modell for ambulering ikkje blir definert som fjernundervisning. Skulane uteksaminerer kvart år ca 35-40 agronomar. Det er ca 70 % av agronomutdanninga i fylket. Skulane krev ikkje elevbetaling for undervisninga.*

Av dei foreslegne endringane i friskulelova er det særleg to endringar i høve til gjeldande lov som vil resultere i at desse to skulane diverre må avvike noverande undervisningstilbod. Mest truleg vil då begge skulane bli nedlagde. Dei forslaga er:

1. **Inntak av vaksne , jf. § 3-1 femte ledd (side 36 i høyringsnotatet).**  
*Departementet foreslår at det ikkje skal gjevast statleg tilskot til vidaregåande opplæring for vaksne som har teke ei anna vidaregåande utdanning tidlegare.*

Mest alle elevane våre tar agronomutdanning for å skaffe seg kompetanse til å kunna driva gardsbruk på ein god måte. Etter ein kortare eller lenger periode i anna arbeid, søker dei om plass på våre komprimerte landbrukskurs kort tid etter at dei har etablert seg som sjølvstendige bønder eller straks før dei skifter yrke. Undervisninga vår er særskild retta mot denne gruppa.

Dei fleste eigarskifta i landbruket skjer direkte frå foreldre til barn. Når den eldste av barna er 20 år og foreldra gjerne ca 45 år, er det enno 15-20 år att før eigarskifte normalt vil finna stad. Det er svært få gardar i fylket vårt, og i landet elles, som kan gje inntekt og arbeid til to generasjonar samtidig. Løysinga på dette er at barna må ha eit anna yrke å livnære seg av i "ventetida".

Agronomutdanning kvalifiserar ikkje for mange yrke utanom bondeyrket. Dette fører til at sjølv ungdomar som har eit klart mål om å bli bonde i framtida vel anna utdanning for å kvalifisera seg for eit anna yrket i denne venteperioden.

Når tida er inne til å overta gard, kjem dei til vinterlandbruksskulen og tar agronomutdanning.

Ei anna gruppe som søker til vinterlandbruksskulane er dei som av ulike grunnar får høve til å overta gard i vaksen alder, sjølv om det ikkje var med i planane deira tidlegare.

Skulane har dei seinare åra hatt mange kvinnelege elevar. Mange av desse gir uttrykk for sterkt ønskje om å skaffe seg kompetanse for å kunne ta aktiv del i drift og leing av garden saman med ektefellen, eller for å kunne ta hovudansvaret for garden.

Felles for dei alle, uavhengig av bakgrunn, er at sterk motivasjonen for å ta landbruksutdanning. Kombinert med tidlegare utdanningsbakgrunn og erfaring frå yrkeslivet, legg dette til rette for stort læringsutbytte og at dei når langt i høve dei måla som gjeld for denne utdanninga.

Ein svært stor del av elvane ved vinterlandbruksskulane i Rogaland har no ei yrkesutdanning frå før. Vinterlandbruksskulane fangar altså opp ei gruppe som treng to yrkesutdanningar i livsløpet sitt.

Dersom noverande utdanningstilbod ved vinterlandbruksskulane fell bort, som følgje av den foreslegne endringa i friskulelova, vil det ikkje vere noko tilsvarende utdanningstilbod for desse vaksne elevane. Fleire framtidige bønder utan fagutdanning vil føre til svekking av landbruket som næring. Ei svekka landbruksnæring vil i tillegg føre til negative verknadar på fleire andre sektorar i samfunnet. Totalresultatet av denne innstraminga i tilbod om offentleg finansierte landbruksutdanning kan fort bli at dei samfunnsøkonomiske tapar blir større enn gevinsten i form av reduserte offentlege tilskot.

Vi er skuffa over at departementet berre omtaler dei prinsipielle sidene ved gjeldande ordning, og ikkje drøfter kva nytte samfunnet vil kunne ha av å vidareføre eit utdanningstilbod som fungerer godt og som klart dekkjer eit behov som i praksis ikkje blir dekkja gjennom andre tilbod. Gjeldande ordning er eit godt døme på målretta tilbod om livslang læring tilpassa den enkelte sitt behov.

Offentleg finansiering av tilpassa utdanningstilbod er ein avgjort føresetnad for at prinsippet om livslang læring skal ha mening. Korleis finansiering blir ordna reint teknisk, må bli ein sak mellom staten og fylkeskommunane. Dersom ein finn at det ikkje vil vere rett at fylkeskommunane skal ta dei økonomiske utteljingane innafor ansvaret for vidaregåande opplæring, må det kunna finnast fram til ei anna finansieringsordning som kan sikra ei vidareføring av utdanningstilbodet.

## **2. Elevtall pr år, jf. § 2-2 tredje ledd (side 33 i høyringsnotatet)**

*Departementet foreslår at 20 elevar pr år ( .."gjennomsnitt av 3 år ") skal vere nedre grense for å vere godkjent som privatskule.*

Våre skular er relativt små. Me har berre ein klasse kvart år.

Vinterlandbruksskulen i Ryfylke har med få års unntak hatt færre enn 20 elevar,

gjennomsnittet ligg nær 15 elevar i klassen. Vinterlandbruksskulen på Jæren svingar rundt 20 elevar i gjennomsnitt.

Det ligg ein sterk stimulans i tilskotsordninga frå staten til å drive marknadsføring for å få mange elevar. Elevmarknaden er relativt oversiktleg i vår sektor. Dei som er potensielle elevar får god informasjon om tilbodet. Me lyser også ut tilbodet i landsdekkande annonsar. Me kan ikkje, etter alle desse driftsåra, sjå at me har grunnlag til å få elevtalet høgare enn det me har hatt.

Det sentrale for oss er at me leverer eit godt produkt til elevane våre. Me har heller ikkje sett det dokumentert at læringsutbytte for vaksne elevar er så mykje betre om klassestorleiken er over 20 elevar.

Tilbakemeldingane frå elevane våre på trivsel i klassen er einstemt positive, og karakternivået til eksamenar og standpunkt er alltid svært høgt.

Vinterlandbruksskulane er ambulerande skular og har dermed spesielle utfordringar i form av arbeidspendling og etablering i nye lokale kvart år. Me vil hevde at små skular med få tilsette har lettare for å tilpasse seg til dette enn store skular.

**Det er altså snakk om eit vere eller ikkje vere for oss. Me håpar at Det Kongelege Kunnskapsdepartement ser verdien i å behalde oss som utdanningstilbydar i samfunnet og dermed går tilbake på desse to nemnde endringsforslaga i friskulelova.**

**Vinterlandbruuksskulen i Ryfylke**

**Ola S. Apeland**  
styreleiar

**Asbjørn Ask**  
rektor

**Vinterlandbruksskulen på Jæren**

**Odd Narve Grude**  
styreleiar

**Hadle Nevøy**  
rektor